




**HELSE BERGEN**

Haukeland universitetssjukehus

**Avdeling for gastro og akuttkirurgi**



**Til deg som har  
gallesteinsjukdom**

## Kva er gallesteinsjukdom?

Gallesteinsjukdom rammer 10-20 % av befolkningen. Årsaka til gallestein er ikkje heilt klarlagt, men dei fleste gallesteinar blir danna av kolesterol. Omlag 2/3 av alle personar med stein i galleblæra vil aldri få plager.

### Akutt gallesteinsanfall

Gallestein gir av og til akutte kraftige smerter i området under ribbeina eller i flanken på høgre side. Smertene er takvise og ein kan bli fysisk uroleg. Andre symptom er kvalme og oppkast. Smertene kan vare fra få minuttar til nokre timar før dei gradvis slepp taket. Akutte gallesteinsmerter blir behandla med smertestillande medisiner (tabletter eller sprøyte).

### Stein i galleblæra

Dei fleste med gallestein har stein i sjølve galleblæra. Steinane kan vanlegvis bli lokalisert ved undersøking med ultalyd. Når smertene er over er det som oftast ikkje nødvendig med vidare behandling.


### Stein i gallegangane

Gallestein kan vandre frå galleblæra, via gallegangane og ut i tolvfingertarmen. Dersom stein blir ståande fast i gallegangen kan den hindre at gallen tømmer seg i tarmen. Avfallsstoffa som er i gallen vil da hope seg opp i blodet og kan mellom anna forårsake gulsott (icterus). Ulike blodprøver vil kunne gje mistanke om blokkering av gallegangane.

Stein i gallegangane som ikkje løsnar spontant må fjernast. Dette kan gjerast ved hjelp av ERCP (Endoskopisk retrograd cholangiopankreatikografi). Det blir nytta ein slange med omlag same diameter som ein finger som er utstyrt med eit kamera i enden. Slangen blir ført gjennom munnen ned i tolvfingertarmen. Frå tolvfingertarmen og vidare opp i gallegangane blir det ført ein tynnare slange for fjerning av steinane medan galleblæra blir bevart.

## Betennelse i bukspyttkjertelen

2- 3 % av pasientane med gallestein kan få akutt betennelse i bukspyttkjertelen. Behandling vil som regel vere å gi medisin mot smertene. I meir alvorlege tilfelle av betennelse i bukspyttkjertelen vil det vere nødvendig med antibiotika.



## Fjerning av galleblæra

Dersom ein har hyppige gallesteinsanfall, betennelse i galleblæra eller har hatt stein ståande fast i gallegangane, vil lege vurdere om galleblæra bør fjernast. Operasjonen blir vanlegvis utført som “kikholskirurgi” (endoskopi) og pasienten kan reise heim same dag.

Nokre pasientar får smerter etter måltid med feit mat og må halde seg til mat med lågare innhald av fett. Dei som har fått fjerna galleblæra kan rekne med at dei ikkje får desse symptoma.

Dei som framleis har galleblære kan i ettertid få nye gallesteinsanfall sjølv om ein har fått behandling. Dersom plagene kjem att skal ein ta kontakt med fastlegen. På kveld eller natt kan ein ta kontakt med legevakta for å få hjelp.



## Du var innlagd ved Kirurgisk klinikk

Sengepost: ..... Telefonnummer: .....

Kontaktsjukepleiar: .....

Ansvarleg lege: .....

Du kan kontakte posten dei første .....dagane etter utskriving. Etter denne perioden må du ta kontakt med primærlegen din.